



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-notat 4/2004

Etablerarverkemiddelet Alkymisten

–evaluering av prosess og resultat

Thor André Fløtre

VF Notat

Tittel Etablerarprogrammet Alkymisten –evaluering av prosess og resultat	Notat nr. 4/2004
	Dato 12.05.2004
	Gradering Open
Prosjekttittel Alkymisten- ei evaluering av prosess og resultat	Tal sider 22
	Prosjektnr
Forskarar Thor Andre Fløtre	Prosjektansvarleg Karl Georg Høyser
Oppdragsgjevar Innovasjon Norge	Emneord Etablering Verkemiddel Ungdom Sogn og Fjordane
Samandrag <p>Alkymisten er eit verkemiddel for å hjelpe ungdom fram mot etablering av lønsame verksemdar. Innovasjon Norge har gjennomført Alkymisten tre gonger i Sogn og Fjordane. Evalueringa byggjer på erfaringar frå deltakarane og involverte personar rundt gjennomføringane (retteleiarar og støtteapparat).</p> <p>Deltakarane er stort sett nógde med det metodiske opplegget. Den faglege lærdomen dei oppnår er i grove trekk sett på som litt for liten, men kurset er intensivt mot fleire store fagfelt.</p> <p>Utkomet frå Alkymisten er delt mellom interne og eksterne effektar. Dei viktigaste interne effektane syner seg å vere ein raskare og betre oppstart av verksemdene. Samt at deltakarane er blitt betre bedriftsetablerarar, og har fått utvida nettverk. Den eksterne nytten gjennom at deltakarane står fram som kunnskapsspreiarar og inspiratorar i eit lokalmiljø/vennekrins ser ut til å vere god, og er sett på som eit viktig utkome.</p>	
Andre publikasjonar frå prosjektet VF-notat 5/2004	
ISSN: 0804-8835	Pris KR 150,-

Forord

Innovasjon Norge sitt etablerarprogram –Alkymisten- er gjennomført tre gongar i Sogn og Fjordane. Det er hausten 2003 også gjennomført i Sør Trøndelag, og det er interesse for at programmet skal inngå som eit tilbod til unge etablerarar i andre delar av landet. Med denne bakgrunnen ynskte Innovasjon Norge at Vestlandsforskning gjennomførte ei evaluering av prosessen og oppnådde resultat frå dei tre gjennomføringane i Sogn og Fjordane.

Arbeidet er gjennomført ved bruk av ei spørjeundersøking retta mot deltakarane på Alkymisten, samt ved intervju av andre involverte kjelder til informasjon.

Vi ynskjer å takke Innovasjon Norge for oppdraget og godt samarbeid, samt deltakarane på Alkymisten for deira respons. Vidare vil vi takke Pål Dahl i Mentor AS for hyggelege og nyttige samtalar, og dei andre rettleiarane for deira tilbakemeldingar. RKIT-consulting AS i Sogndal la spørjeundersøkinga til rette for internet, og gjorde ein god jobb.

Notatet er ein kortversjon, og VF-notat 5/2004 er dokumentasjonsrapport til arbeidet.

Sogndal 12.05.2004

Karl Georg Høyer
forskingssleiar

Thor André Fløtre
forskar

Innhald

1.	Innleiing og metode.....	5
1.1.	Problemstilling	5
1.2.	Deltakarar	6
1.3.	Rettleiarar	6
1.4.	Støtteapparatet.....	7
1.5.	Oversikt.....	7
1.6.	Analyse.....	7
2.	Effektar og resultat	9
2.1.	Gjennomføring av spørjeundersøkinga	9
2.2.	Effektar av Alkymisten	9
2.2.1.	Interne effektar	9
2.2.2.	Eksterne effektar	13
2.3.	Resultat frå gjennomføringsprosessen	15
2.3.1.	Metodisk opplegg	15
2.3.2.	Fagleg lærdom.....	16
3.	Oppsummering og diskusjon.....	19
3.1.	Ein diskusjon omkring ungdommar og idear	20

Figurar

Figur 2.1	Oppfatningar av samarbeidet med andre deltakarar, rettleiarane og næringsliv/offentleg. Delt på gruppa i 2003 og gruppa i 2001/2002.....	12
Figur 2.2	Storleiken på verksemdene innan overskødeleg tid. Basert på planane til deltakarane.	13
Figur 2.3	Gjennomsnittet av deltakarane sine summerte vurderingar av kvart trinn i prosessen med tanke på arbeidsmengde, presentasjon av stoffet, progresjon, vanskegrad og arbeidsmetode.	15
Figur 2.4	Temaområde som deltakarane meinte har for mykje, passeleg og for lite fokus i Alkymisten.	17

Tabellar

Tabell 2.1	Fordeling på spørsmål om i kva grad deltakinga på Alkymisten var avgjerande for at dei valte å starte verksemda.....	12
Tabell 3.1	syner inndelinga mellom lokale og globale ungdommar med lokale og globale idear. Ein ser at den globale ungdommen med den globale ideen kan gi gode positive effektar, men er ustabil. Den lokale ungdommen med den lokale ideen er derimot stabil, men kan oppfattast som mindre visjonær.	21

1. Innleiing og metode

Alkymisten er eit etablerartilbod til unge mellom 18-29 år som er gjennomført tre gongar i Sogn og Fjordane:

- hausten 2001, 25 deltakarar (pilotprosjekt)
- hausten 2002, 22 deltakarar
- hausten 2003, 23 deltakarar

Programmet er del av Innovasjon Norge sine tilbod. Det har som føremål å medverke til auka nyskaping hjå ungdom, og å hjelpe ungdom fram til etablering av lønsame verksemder. Det består av tre samlingar som går over 2,5 dagar. Mellom samlingane har deltakarane sjølvstendig arbeid.

- 1. samling: idéutvikling
- 2. samling: vidareutvikling
- 3. samling: (førebuing til) etableringsfase

I alt kan prosessen i gjennomføringa av Alkymisten inndelast i sju trinn. Trinn 1 og 2 er knytt til utveljinga av deltakarane, medan trinn 3-7 er knytt til gjennomføringa.

1. Søknad
2. Utveljing

3. Fyrste samling
4. Heimearbeid/oppgåver
5. Andre samling
6. Heimearbeid/oppgåver
7. Tredje samling

Deltakarane får ein individuell rettleiar henta frå det private næringslivet. Rettleiarane deltek på alle samlingane, og har kontakt/oppgåver med sine etablerarar mellom samlingane. Innovasjon Norge initierer prosjektet, samt dei er med på dei tre samlingane. For tida er Mentor AS ved Pål Dahl leigd inn til å gjennomføre prosjektet, og står for det faglege opplegget. Han er såleis leiar for prosjektet. Vi byggjer difor på informasjon frå tre hovudgrupper med informantar:

- Deltakarane
- Rettleiarane
- Støtteapparatet (Innovasjon Norge og Mentor AS)

2001 var eit pilotprosjekt kor gjennomføringa og opplegget var utvikla på førehand. Vidare vart deltakarane rekrutterte litt med tanke på å prøve ut ordninga. Det har skjedd nokre tillempingar i både gjennomføring, metodisk opplegg og utveljing i dei to siste samlingane.

1.1. Problemstilling

Undersøkingane skal få fram meir kunnskap om:

- Korleis Alkymisten er viktig for deltakarane.

- Korleis deltakarane er nøgde med gjennomføringa av Alkymisten?

Samt at informasjonen skal knytast til dei formulerte målsetnadane med Alkymisten (utarbeid av tidlegare SND):

- Å få etablert 5 nye verksemder i løpet av dei to neste åra
- Synleggjere og gjere tilgjengleg Innovasjon Norge si ungdomssatsing og produkt, tenester og nettverk
- Byggje nettverk mellom ungdom og næringsliv/bankar/ressurspersonar og offentleg verkemiddelapparat i regionen. Utvikle kunnskap og bevisstgjerjing om ungdommane sine behov i forhold til entreprenørskap og auka kompetanse på områda hjå (tidlegare) SND sine egne tilsette
- Engasjere lokalt næringsliv ved overføring av idear frå ungdom til næringslivet og for etablering av verksemder som følgje av ungdommane sine idear.

1.2. Deltakarar

Det er deltakarar frå tre gjennomføringar av Alkymisten. Gruppa av deltakarar i 2003 er nylig ferdige med si gjennomføring på undersøkingstidspunktet. Desse blir difor nytta til gi meir detaljert informasjon om kvart enkelt trinn i gjennomføringsprosessen. For gruppene 2001 og 2002 er det større avstand i tid, som gjer det vanskelegare for desse å skilje mellom dei enkelte samlingane og oppgåvene. Deltakarane i 2001 og 2002 er vidare slått saman til éi gruppe, og eit enklare opplegg som rettar seg mot heile prosessen samla er nytta.

Det er gjort ei inndeling etter kvar deltakarane står i utviklingsprosessen av verksemda. Denne inndelinga avheng også av kor lang tid det er sidan deltakinga på Alkymisten fann stad.

- A) Har etablert ei verksemd
- B) Er i etablerings- / vurderingsfasen
- C) Valt å avslutte prosjektet

Ved avsluttinga av den tredje samlinga er alle deltakarane vurdert til å vere i ei etablerings- og vurderingsfase (B). I ulikt tempo går deltakarane over til å etablere verksemder (A), fortsette å jobbe med ideen (B), eller avslutte prosjektet (C). Det blir difor ei klarare tredeling mellom deltakarane over tid.

På undersøkingstidspunktet har gruppa frå 2001 og 2002 hatt meir tid til utvikling av ideen. Delinga mellom kategoriane A, B og C har difor utkrySTALLISERT seg for denne gruppa. Den andre gruppa (2003) har nylig avslutta tredje samlinga på intervjutidspunktet, og alle deltakarane er vurdert til å vere i kategori B.

1.3. Rettleiarar

Under gjennomføringa i 2001 var det seks rettleiarar, i 2002 var det fem rettleiarar, og i 2003 var det fire. Med unntak av to personar har dei same rettleiarane vore med i alle Alkymist-gjennomføringane i Sogn og Fjordane (dvs at det har vore involvert totalt sju rettleiarar). Eine av desse står no for gjennomføringa av Alkymisten (Pål Dahl). Rettleiarane har ikkje deltakarane sin ståstad, men er tett knytte til mange av desse. Dei er difor viktige informantar i ei vurdering av korleis Alkymisten er oppfatta hjå deltakarane. Vidare har rettleiarane også kunnskap og innsikt omkring sjølve gjennomføringsprosessen. Det at mange av rettleiarane

har vore med på fleire gjennomføringar medfører også at desse har opparbeida seg eigen kompetanse og erfaring.

Rettleiarane har ei todelt rolle i innhentinga av informasjon. Eine delen er å supplere med informasjon og synspunkt i utarbeidinga av spørjeskjema til deltakarane. I etterkant av undersøkinga er rettleiarane nytta til å gje deira tolkingar og synspunkt på deltakarane sine tilbakemeldingar.

1.4. Støtteapparatet

Støtteapparatet er delt mellom Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane, og Mentor AS ved Pål Dahl. Innovasjon Norge initierer Alkymisten, og som står for utveljinga av deltakarane. Medan Mentor AS gjennomfører for tida prosjektet, og Pål Dahl er prosjektleiar. Informantane er nøkkelpersonar frå begge desse institusjonane.

Støtteapparatet blir nytta som kjelde til den grunnleggande informasjonen om; utviklinga over tid, gjennomføringsopplegget som er valt, og kva dei oppfattar som viktig informasjon frå deltakarane. På denne bakgrunnen, og i samarbeid med desse, er spørsmålsopplegget utarbeida.

1.5. Oversikt

Innhenting av informasjon er skjematisk framstilt i tabellen under. Trinna er relatert til opplistinga fyrst i kapittelet, og skraverte felt syner kva trinn i prosessen informantane er nytta. Som det kjem fram er 2001/2002-gruppa delt mellom kategoriane A, B og C, medan trinna 3-7 er samla. For 2003-gruppa er alle i kategori B, men dei sit på detaljert informasjon for kvart av trinna. Rettleiarane er nytta som informantar til trinn 3-7, og støtteapparatet er nytta beskrivande i alle trinna. Her er i hovudsak Innovasjon Norge knytt til trinn 1 og 2, medan Mentor AS er knytt til trinn 3-7.

Gruppe		2001 og 2002			2003						
Trinn		1	2	3-7	1	2	3	4	5	6	7
Deltakarar	A										
	B										
	C										
Rettleiarar											
Støtteapparat											

1.6. Analyse

Analysen er basert på informasjon frå deltakarane. Denne er innhenta ved bruk av spørjeundersøking på Internett. Resultata er framstilte ved bruk av frekvensfordelingar. Desse er vidare supplert med utsegner og merknader frå deltakarane, og sett saman med informasjonen frå rettleiarane.

Det er vidare ein deltakande observasjonen på siste samlinga til 2003-gruppa (i februar). Denne henta informasjon i ein situasjon der det var koplinga mellom både deltakarane, rettleiarane og støtteapparatet.

Analysen dannar grunnlag for kunnskap om måloppnåinga ved Alkymisten, samt korleis støtteapparatet velgjer ut deltakarane, og gjennomfører prosessen. Vidare får den fram kunnskap om kor nøgde deltakarane er med rettleiinga og prosessen i dei ulike gjennomføringane, og i kva grad deltakarane oppfattar Alkymisten som viktig.

2. Effektar og resultat

2.1. Gjennomføring av spørjeundersøkinga

Spørjeundersøkinga av deltakarane er gjennomført på Internett. Alle deltakarane fekk tilsendt brev med den aktuelle nettadressa og oppmodning om å svare. 2003-gruppa fekk også brevet tilsendt pr. e-post. Etter to purringar vart undersøkinga avslutta med følgjande resultat:

2001/2002 gruppa: 21 svar (45 %)

2003 gruppa: 16 svar (70 %)

For 2001/2002 gruppa er inndelinga slik:

Har starta verksemd (A):	12 svar
Framleis i etablerings eller vurderingsfasen (B):	8 svar
Valt å avslutte prosjektet (C):	1 svar

Innovasjon Norge gjorde ei samla vurdering av fordelinga mellom kategoriane A, B og C basert på deira kjennskap til deltakarane. Det er såleis ikkje noko direkte informasjon frå heile populasjonen om den faktiske fordelinga mellom kategoriane på undersøkingstidspunktet. Fordelinga til Innovasjon Norge er¹:

Har starta verksemd (A):	16 deltakarar
Framleis i etablerings eller vurderingsfasen (B):	11 deltakarar
Valt å avslutte prosjektet (C):	18 deltakarar

Det er viktig å merke seg at berre éin deltakar som har avslutta prosjektet har respondert. Desse svara er teke med i samanstillinga for heile populasjonen. I praksis inneheld likevel undersøkinga ikkje informasjon frå denne kategorien deltakarar:

Undersøkinga inneheld ikkje informasjon frå deltakarar som har valt å avslutte prosjektet, og må sjåast i samanheng med det.

Den kollektivt låge oppslutnaden i denne gruppa kan tyde på at deltakarane har ei oppfatninga av at Alkymisten er noko dei har tilbakelagt. Ved sterke synspunkt i den eine eller andre retning, eller om dei følte ei strek samkjensle til Alkymisten, skulle ein tru fleire ville respondert. Det kan difor mulig sjåast på som ein eit resultat av at dei stiller seg likegyldige til utkomet av undersøkinga.

2.2. Effektar av Alkymisten

2.2.1. Interne effektar

For undersøkinga samla svarer 68 prosent av deltakarane *Ja* på spørsmålet om at dei har blitt ein betre bedriftsetablerar etter deltakinga på Alkymisten. Det er difor grunn til å seie at

¹ To av deltakarane hadde dei ikkje informasjon til å vurdere

Alkymisten er viktig for deltakarane. Grunngevingane er mellom anna at prosessen med å etablere ei verksemd er blitt meir effektiv, dei får mykje kunnskap, og dei får nettverk.

I hovudsak er det samarbeidet med rettleiarane og samarbeidet med dei andre deltakarane dei oppfattar som særskilt nyttig. 65 prosent av deltakarane samla meiner at samarbeidet med rettleiarane er svært nyttig, og 27 prosent meiner dette er middels nyttig. Deltakarane uttrykker at rettleiarane tilfører dei erfaring, nettverk og tryggleik.

Ein av deltakarane uttrykkjer dette slik på spørjeskjemaet:

"Den personlege dialogen og oppfølginga av rettleiar er minst like viktig som sjølv kurset. Deira erfaring vil ofte kunne setjast opp i mot ulike konsept. Deira nettverk er også viktig då dei kan sette alkymistar i kontakt med rette folk."

Vidare meiner 57 prosent at samarbeidet med dei andre deltakarane er svært nyttig, og 41 prosent meiner det er middels nyttig. Dei framhevar særskilt venskapen, at dei motiverer kvarandre, trening i å samarbeide, og at det er nyttige kontaktar undervegs og for seinare. Synspunkta er derimot litt sprikande, og enkelte trekkjer fram at det fyrst og fremst er på det sosiale planet dei finn dette verdifullt. Årsaka er ulikskapar i forretningsideane, og at dei ikkje har så mykje faglig lærdom å dele med kvarandre.

To av deltakarane sine synspunkt på samarbeidet med dei andre deltakarane:

"Selv om en har veldig ulike prosjekt, og ikke har nytte av hverandre rent faglig, så er det fint å kjenne noen som er i samme situasjon, så vi kan støtte og motivere hverandre."

"Ein lærer mest av å jobbe med andre. Folk har ulik bakgrunn og mykje å bidra med! Dette er høgst verdifullt. Ein motiverer kvarandre. Ein er på ulike stadie og har ulik kompetanse. Det er gjennom tverrfageleg team og eit godt nettverk ein greier å realisere forretningsidear."

Samarbeidet med anna næringsliv og det offentlege syner seg å vere mindre effektfullt. Den formulerte målsetnaden frå Innovasjon Norge er mellom anna at Alkymisten skal virke til å byggje nettverk mellom ungdom og næringsliv/bankar/ressurspersonar og offentleg verkemiddelapparat. Samt at Alkymisten skal engasjere lokalt næringsliv ved overføring av idear frå ungdommane og næringslivet. For deltakarane samla svarer 19 prosent at samarbeidet med næringslivet og det offentlege er svært nyttig, 44 prosent meiner det er middels nyttig, og 36 prosent svarer at det ikkje er nyttig.

Grunngevingane til dei som meiner det er nyttig er i hovudsak knytt til ein indirekte nytte. At dei har ein betre plan for seinare ved å gå gjennom Alkymisten, og at dei då lettare kan oppnå legitimitet. Det er også poengtert at dei gjennom deltakinga kan få presentere seg for bankar og liknande interessantar som er innom, og at det er viktig å få vise seg fram for eventuelt seinare samarbeid med slike. Derimot virka det for at er litt lite av slike møter. Dei negative synspunkta er meir knytte til ei konkret hjelp der og då. Desse deltakarane meiner at næringslivet og det offentlege ikkje er koplå til Alkymisten på ein måte som gjev dei noko nytte i arbeidet mot ei etablering.

Under følgjer fire utsegner frå deltakarane:

"Eit ansikt er alltid viktig for ein nyetablerar som skal søke pengar og anna støtte. Den personlege kontakten bryt enkelte barrierar og gjer det enklare å ta kontakt."

"Vi vart gjennom deltakinga meir truverdige og fekk PR. Dette gjorde det enklare for oss å få lån og støtte."

"Dette er heilt avhengig av kvar ein er komne i fasen, men under Alkymisten syntest eg at ein kunne ha meir kontakt ut mot næringslivet. I ettertid har eg hatt god hjelp frå SVO og SND. Dei har også fungert som mellomledd, der dei har anbefalt kven ein skal oppsøke."

"Kan ikkje sei eg oppfatta noko samarbeid."

Rettleiarane meiner at noko av årsaka til dette resultatet kan ligge i at hjelp frå det offentlege verkemiddelapparatet krev at deltakarane sjølve syner initiativ og verkeleg viser at dei vil noko. Deltakarane i 2001/2002 har hatt høve til å nytte det offentlege verkemiddelapparatet ei tid, i motsetnad til 2003 gruppa som i større grad knyt dette direkte til gjennomføringa av Alkymisten. Gruppa i 2001/2002 som har starta verksemder er meir nøgde med det offentlege verkemiddelapparatet enn dei som ikkje hadde starta. Noko som kan underbygge rettleiarane sine synspunkt.

Støtteapparatet (ved prosjektleiar) kommenterar dette resultatet med at rettleiarane er henta frå det private næringslivet, og at desse ofte er flinke til å nytte sin kunnskap og sine kontaktar. Deltakarane får såleis gjennom rettleiarane ein inngang til det private næringslivet som dei kanskje ikkje har reflektert over.


I ei konkretisering mot Innovasjon Norge (SND) som offentleg verkemiddelapparat svarer halvparten av deltakarane i 2001/2002-gruppa at dei er svært nøgde med oppfølginga, og 40 prosent er middels nøgde. Såleis kan dette stadfeste at næringslivet og det offentlege er oppfatta som meir nyttig i etterkant av deltakinga. Vidare er det også her dei som har etablert verksemder som meiner at Innovasjon Norge er svært nyttige.

Oppsummert kan det tyde på at ei meir aktiv oppfølging i etterkant kan gjere næringsliv og offentleg verkemiddelapparat til ei meir eigna hjelp for etablerarane.

Figur 2.1 syner den prosentvise fordelinga av deltakarane sine oppfatningar av nytten i samarbeidet med andre deltakarar, rettleiarane og det offentlege. Den syner at rettleiarar og andre deltakarar er sett på som svært nyttige, medan samarbeid med næringslivet og det offentlege i mindre grad er nyttig. Vidare ser ein at 2003 rangerar dei andre deltakarane og rettleiarane som likeverdige, medan 2001/2002 oppfattar samarbeidet med rettleiarane som noko meir nyttig.

Ei forklaring på dette kan ligge i endringane i det metodiske opplegget. Deltakarane stod noko friare i 2003 enn i dei to føregåande åra (særskilt i forhold til 2001). Vidare kan avstanden i tid vere ei forklaring. Undersøkinga er gjennomført rett etter at 2003 gruppa var ferdige, og dei kan såleis ha ei større samkjensle. Medan dei i tidlegare gjennomføringar har hatt samarbeid med ingen eller nokre få deltakarar i etterkant, samstundes som fleire har oppretthalde samarbeidet med rettleiarane.

I kva grad andre deltakarar, rettleiarar og næringsliv/offentleg er oppfatta som nyttig



Figur 2.1 Oppfatningar av samarbeidet med andre deltakarar, rettleiarane og næringsliv/offentleg. Delt på gruppa i 2003 og gruppa i 2001/2002.

Deltakarane i 2001/2002 som har starta verksemd er spurde om i kva grad Alkymisten var avgjerande for oppstarten. Fem deltakarar meiner dei ville starta verksemda likevel, og 6 deltakarar meiner Alkymisten er medverkande til at dei valte å starte verksemda. Berre ein person meiner at deltakinga på Alkymisten er heilt avgjerande for at han/ho starta verksemda.

Tabell 2.1 Fordeling på spørsmål om i kva grad deltakinga på Alkymisten var avgjerande for at dei valte å starte verksemda

	Count	%
Heilt avgjerande	1	8%
Medverkande	6	50%
Hadde starta likevel	5	42%

Vidare svarar 9 av deltakarane at verksemda er basert på same forretningsideen som dei starta med i Alkymisten. To deltakarar meiner ideen er den same, men at den er vesentleg endra. Ein deltakar har endra forretningsideen sin så mykje at han/ho meiner det er ei ny forretningsidé.

Av dei som er i ein vente/utgreiingsfase meiner ingen at Alkymisten er direkte årsak til at dei framleis er i denne posisjonen.


Rettleiarapparatet meiner det er rett at mange ville starta verksemda likevel. Dei er i utgangspunktet etablerar-typar. Derimot framhevar dei at Alkymisten både har framskunda dette, og at deltakinga har luka ut mykje feiling i oppstarten. Vidare er det etter intensjonen at

deltakarane skal sitje att med kjensla av at dei sjølve har ideen. Det har dei, men i dei aller fleste tilfella er denne endra i større eller mindre grad.

2.2.2. Eksterne effektar

Alkymisten er i si form eit svært individretta virkemiddel. Det er enkeltindividet som skal hjelpast fram, og som skal skape. Det er difor vesentlig å sjå på moglege effektar utover sjølve deltakaren sin eigen nytte.

Figur 2.2 syner ei oppstilling av kva storleik deltakarane planlegg deira verksemder skal ha innan overskødeleg tid. Den er basert på forretningsplanane, og syner såleis ikkje kor mange verksemder som faktisk kjem til å bli starta. Som det kjem fram er 2002 gruppa mest ambisiøse, medan 2001 og 2003 gruppa sine planar er omtrent like. I hovudsak er verksemdene basert på berre å sysselsette etableraren, og ringverknader knytt til skaping av andre arbeidsplassar syner seg liten i denne oppstillinga. I kva grad dette er resultat av ei litt smålåten haldning hjå deltakarane i planarbeidet, og at verksemdene på sikt vil skape fleire arbeidsplassar som er direkte knytte til etableringa, er det ikkje grunnlag for å meine noko om.



Figur 2.2 Storleiken på verksemdene innan overskødeleg tid. Basert på planane til deltakarane².

Alkymisten er ei skulering i å starte ei verksemd. Verkemiddelet er såleis å gi enkeltpersonar tilgang på kunnskap og kompetanse, og det er ikkje økonomiske stønader knytte direkte til

² Opplysningar frå Innovasjon Norge. Tala er med utgangspunkt i det etableraren ser/såg føre seg ved avslutting på sitt Alkymisten-prosjekt. Det er ei oppstilling av personar (ikkje forretningsidear) og inkluderer bare dei som har fullført prosjektperioden. Overskødeleg tid er rekna med om lag 2 år frå ovanforne mnte tidspunkt. Dette er derimot noko individuelt etter den enkelte sine ide og ambisjonar.

kurset³. Deltakarane er spurte om dei konkret har nytta kunnskapen og/eller kontaktane dei fekk gjennom Alkymisten til å hjelpe eller inspirere andre til å utvikle forretningsidear. 46 prosent svarar at dei har gjort dette fleire gongar. 32 prosent meiner dei har gjort dette éin gong, og 22 prosent opplyser at dei aldri har gjort dette. I hovudsak har dei vore samtalepartnarar, rådgjevarar, og opplyst om ulike hjelpe og støtteordningar.

Tre deltakarar sine tilbakemeldingar på korleis dei har nytta kunnskapen sin:

"Kunnskapen som vi er tilført gjer oss i stand til å belyse for andre kva ein må tenkje igjennom før ein setter i gong med ein idé."

"Fleire har kontakta oss for råd om oppstart og permen frå Alkymisten har vore utlånt fleire gongar."

"Har hjulpet til med skriving av søknader om støtte."

Dei fekk også spørsmålet om dei trur deltakinga har gitt positive følgjer for lokalmiljøet gjennom at dei har inspirert andre, gjeve positive signal og liknande. Her trur 39 prosent at deltakinga deira har skapt ein slik positiv effekt. 53 prosent trur kanskje, og 8 prosent trur ikkje deltakinga har skapt positive følgjer i deira lokalmiljø. Grunngevingane ligg i at deira deltaking synleggjer at ein kan vere ung, ha lite kapital, komme frå distrikta, og likevel klare å realisere idear.

Ein av deltakarane uttrykkjer påverknaden på lokalmiljøet slik:

"Fordi det vise at det er fullt mulig å vere singel, ung og ikkje bu i by, men likevel våge å tenke på å bli sin eigen arbeidsgjevar. -Er ikkje alle som har tenkt at det går an!"

Det syner seg derimot at deltakarane som har starta verksemd frå 2001/2002 gruppa er mest overtydde om at dei har gjeve positive signal til lokalmiljøet. Dette er til dels forståleg, då ei etablering er ei veldig konkret suksesshistorie. Rettleiarane er samde i denne vurderinga, men har supplert med at det ikkje alltid blir godt motteke å etablere verksemd. Enkelte tilbakemeldingar til dei har synt at den lokale oppslutnaden er stor heilt til etablerarane byrjar å tene pengar. Då har bygdesamfunna synt seg frå mindre heldige sider.

Knytt til delmålet at Alkymisten skal vere med å gjere synleg og tilgjengleg Innovasjon Norge sine produkt, tenester og nettverk for ungdom, verkar det som tidlegare deltakarar er ein viktig faktor. Dei har i stor grad har oppmoda andre om å søkje Alkymisten eller å ta kontakt med Innovasjon Norge på andre måtar.

Ein av deltakarane ytrar dette slik på spørjeskjemaet:

"Mange kameratar og kjente som eg har snakka med som har gått med idear. Eg har bede dei om å kontakte SND om alkymisten, og diverse av dei som jobba i og med Alkymisten."


³ Derimot vart det opplyst at til no hadde nærast alle deltakarane som søkte etablerarstipend i etterkant fått dette. Såleis er det ei økonomisk støtte indirekte knytt til Alkymisten. Vidare fann Fløtre og Brendehaug (2003) at deltakarar på Alkymisten vart oppfatta til å stort sett ha betre forretningsplanar å presentere i sine søknader enn andre etablerarar. (VF-notat 6/2003, Innovasjon og entreprenørskap i Sogn og Fjordane)

2.3. Resultat frå gjennomføringsprosessen

2.3.1. Metodisk opplegg

Deltakarane i 2003 gruppa er spurde i kva grad dei er nøgde med kvart trinn i prosessen knytt til; arbeidsmengde, presentasjon av stoffet, progresjon, vanskegrad og arbeidsmetode.

Figur 2.1 syner gjennomsnittet av dei fem punkta summert. I all hovudsak syner figuren at deltakarane oppfattar gjennomføring som bra. Meir detaljert er fyrste samlinga kome godt ut, så er det litt tyngre frå fyrste mellomperiode og fram til og med andre mellomperioden. På siste samlinga er deltakarane meir nøgde igjen.



Figur 2.3 Gjennomsnittet av deltakarane sine summerte vurderingar av kvart trinn i prosessen med tanke på arbeidsmengde, presentasjon av stoffet, progresjon, vanskegrad og arbeidsmetode⁴.

Rettleiarane stadfestar at vanskane kjem i fyrste mellomperiode. Deltakarane blir då ståande åleine med spørsmål dei ikkje er vande med, og rettleiarane ser si rolle som særskilt viktig i både den fyrste og andre mellomperioden. Deltakarane sine kommentarar syner at nokre tek sjølvkritikk for at dei ikkje var ivrige nok i mellomperiodane, men dei vart då hjelpete fram av rettleiarane.

Rettleiarane påpeika vidare at andre samlinga består mykje av konsekvensarbeid frå fyrste samlinga, og at dei her byrjar å ta konkrete vanskelege val. Dette gjer at mange føler dei ikkje har noko framgang i denne perioden. Noko som resulterer i ein del frustrasjon. Ein del av vanskane er knytt til spørsmål omkring økonomi, og desse dreg dei med seg inn i andre mellomperioden.

⁴ Til saman utgjer dette; (16 deltakarar x 5 trinn x 5 punkt) = 400 svar. Av desse mangla det 19 svar. Nokre var knytt til manglande deltaking på ei av samlingane, andre stod usvart.

På tredje samlinga er hovudfokuset retta mot ein avsluttande presentasjon av verksemda. Tanken bak eit forholdsvis stort fokus på sjølve presentasjonen er todelt. Det eine er at deltakarane skal bli tvinga til å ta avgjersler, og ikkje avslutte Alkymisten med mange opne felt i forretningsplanen. Ofte vil det vere lett å vente med ting fordi dei eksempelvis skal få meir marknadsinformasjon seinare. Det andre er at dei må tenkje gjennom forretningsplanen sin som eit produkt dei skal selje til omkringliggande interessentar. Dette fordi deltakarane skal forstå at dei må kunne forretningsplanen sin, og må kunne svare på spørsmål knytt til denne.

Deltakarane oppfattar tredje samlinga i hovudsak som positivt. Rettleiarane påpeikar at dei der fokuserer på å sy saman ideen sin, og mange av dei vanskelege vala er tekne. Noko av kritikken til denne samlinga er at dei fokuserar for mykje på presentasjonen, og at dei med fordel kan jobbe meir med utviklinga mot "livet" etter Alkymisten. Vidare at dei nyttar mykje ressursar på dataproblem. Dette synte seg også gjennom den deltakande observasjonen frå Vestlandsforskning på tredje samlinga.

Med utgangspunkt i dei fem punkta deltakarane er bedne om å vurdere syner det seg at dei er mest nøgde med arbeidsmetoden og arbeidsmengda, medan presentasjonen av stoffet i større grad er oppfatta som mindre bra. Presentasjonen er av rettleiarane påpeika å vere noko einsretta. Vidare at meir deling av denne oppgåva mellom rettleiarane kan synleggjere kva dei kunne nyttast til for deltakarane.

Gruppa 2001/2002 fekk grunna avstanden i tid eit samlespørsmål knytt til gjennomføringsprosessen. 13 deltakarar meiner gjennomføringsopplegget er bra, og 8 deltakarar oppfattar det som middels bra.

To deltakarar sine ytringar:

"Fungerte veldig bra å arbeide i grupper og deretter presentere for dei andre deltakarane. Det er bra med eige ansvar, og å måtte finne ut av ting"


"Deltakarane burde ha fått meir informasjon i framkant av fyrste samling. For enkelte vart utforming av forretningsidé litt uklart. Overgangen til andre samling var merkbar tøff, og siste samling vart ein rein presentasjons teknikk øving. Her burde ein kanskje ha teke tak i litt meir om kva som vil møta deg, ansvar og økonomiske konsekvensar."

2.3.2. Fagleg lærdom

Alkymisten har avgrensa med tid, og det gjort nokre val av kva tema deltakarane får kunnskap om. Fokuset er at den enkelte skal utvikle sin forretningsplan basert på ei forståing av kunden/marknaden sitt behov, finne løysingar på dette som gir kunden nytteverdi, og klare å formidle dette på ein god og forståelig måte. Såleis er målsetnaden at deltakarane skal kjenne nokre avgjerande hovudtrekk i si verksemd, og at dei etter deltakinga skal ha noko konkret å vise til gjennom forretningsplanen.

Erfaringar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar) er at deltakarane ofte startar med ein oppfatning om at Alkymisten gjev dei ein fasit, og at dei blir guida gjennom eit opplegg med fullkomne svar. Gjennomføringsmetoden er derimot basert på at deltakarane sjølve må finne kva kunnskap dei manglar. Vidare er det valt å utelate enkelte temaområde med meir eintydige svar, då dei ikkje skal flytte fokuset vekk frå konsepttenkinga til fordel for kunnskap dei lettare kan skaffe seg i etterkant.

Deltakarane er bedne om å vurdere kva tema dei meiner det er for mykje, passeleg eller for lite av i Alkymisten.



Figur 2.4 Temaområde som deltakarane meinte har for mykje, passeleg og for lite fokus i Alkymisten.

Enkelte samanhengar innan økonomi er definerte kunnskapsfelt i Alkymisten. Resultata syner såleis at dette er utfordrande for deltakarane å sette seg inn i på den korte tida. Særskilt med tanke på at opplegget også må passe for deltakarane sine ulike ståstadar. Likeeins er forholdsvis mykje av den kunnskapen deltakarane får formidla retta mot sal og marknadsføring. Det kan tyde på at deltakarane likevel meiner dette er for lite fokusert, eller så har dei ikkje oppfattar at arbeidet i stor grad eigentleg handlar om desse tema. Gjennom den deltakande observasjonen synte det seg at intensiteten og konsentrasjonsnivået på samlingane er svært høgt. Det virka ikkje der som deltakarane reflekterte så mykje over kva tema dei eigentleg jobba med, men fokuserte på heilskapen i forretningsplanen. Vidare kan det tenkjast at begge utslaga er eit resultat av at deira auka kjennskap til faga har avdekt at kunnskapen i realiteten er liten også etter deltakinga.

Temaområda regelverk, organisering og administrasjon er ikkje prioriterte fagfelt i gjennomføringane, då dette lettare kan bli tileigna av deltakarane sjølve og er ikkje så viktig i utviklinga av sjølve forretningsideen. Støtteapparatet (ved prosjektleiar) opplyser at deltakarane også i liten grad har syner interesse for å lære meir om dette, og det er såleis litt rart at dei her meiner områda har for lite fokus.

I gruppa frå 2001/2002 svarer om lag halvparten *Ja*, og den andre halvparten *Delvis*, på spørsmålet som dei fekk den faglege lærdomen dei ynskte og forventa i Alkymisten. Berre ein person svarer *Nei*.

I Alkymisten er det oppgåvene som set dagsorden. Dette gjer at deltakarane gjennom oppgåvene må finne temaområda dei treng meir informasjon om. Resultatet syner seg ofte å vere at det er fyrst i etterkant dei ser kva kunnskap dei manglar. Med dette som bakgrunn er dei spurde om kva som kunne vore gjort for at dei tidlegare skulle oppdage tema dei no meinte det var lært for lite om. I hovudsak er tilbakemeldingane at dei kunne trengt meir informasjon forut for deltaking om aktuelle tema dei burde tileigne seg. Nokre av deltakarane meiner også at dei sjølve kunne vore flinkare til å strukturere kunnskapsbehovet sitt i starten.

Fire deltakarar sine synspunkt på korleis dei lettare skulle oppdage tema dei lærte for lite om: *"Litt meir informasjon på første samling som seier kva ein forretningsplan er. Grov gjennomgang over punkt vi skal gjennom, slik at ein er meir førebudd."*

"Rettleiarane burde kanskje vore klarare på kva som ville vere viktig for akkurat mi etablering."

"Sjekka ut meir om korleis Alkymisten var oppbygd, slik at eg var meir førebudd på at eg sjølv måtte innhente svar og ikkje vente at dei skulle ligge klare til meg. Førebu mine eigne problemstillingar og behov betre."

"Det vart lagt for mykje opp til at ein skulle gjere innleveringsoppgåver. Nokon av desse var unødvendig for mange å gjere, då dei heller skulle bruke tid på andre områder. Eit "investor" panel heilt i byrjinga, med grillig i forretningsideen din, kunne funne fram til svake punkt i gjennomføringa, deretter kunne ein sette fokus på desse punkta."

Rettleiarane poengterer at ulikskapen i deltakarane sine føresetnader er ei utfordring. Nokre har allereie ein del kunnskap, og vil gå rett på konkrete problemstillingar knytt til deira idé. Medan andre i større grad manglar det generelle grunnlaget, og søker difor breiare kunnskap. Såleis kan det vere ei forbetring om dei lærer deltakarane betre å kjenne i framkant av gjennomføringane. Dei er også samde i at deltakarane kan fått betre presentert korleis Alkymisten prioriterer ulike tema. Dette får dei i dag også, men det virka ikkje som alle forstod det. Då Alkymisten har avgrensa tid er det likevel sett på som positivt at deltakarane ser ut til å vite kva dei mangla kunnskap om. Dette er eit godt grunnlag til å bygge vidare på.

Deltakarane har tilgang på mykje kunnskap gjennom rettleiarane og diverse informasjonsmateriell i Alkymisten. Knytt til dette er dei også spurde om kva som kan gjerast for å auke motivasjonen til å lære. Deltakarane framhevar at dei var godt motiverte, men at meir informasjon i starten, gjerne frå andre etablerarar som fortel om sine erfaringar kan vere nyttig. Elles meiner dei at meir tid med rettleiarane kan auke motivasjonen.

Tre deltakarar sine tilbakemeldingar på korleis få auka motivasjon til å lære:

"Mer tid med mentor. Vært på gruppe med noen som skulle drive med det samme"

"Fått møte andre i same situasjon som har vore innom tema, f.eks tidlegare Alkymistar."

"Motivasjon for å gjennomføre ditt prosjekt ligg til grunn når du er med heilt til mål på alkymisten. Ei bevisstgjerjing av kor viktige ulike tema er bør vere nok."

Rettleiarane meiner at eit trekk kan vere å dele gruppene ut frå kunnskapsnivå. Då mistar dei derimot nytten av at deltakarane har ulike ståstadar, og derav kan hjelpe kvarandre framover. God oppfølging i mellomperiodane er også sett på som viktig med tanke på å bygge motivasjonen.

3. Oppsummering og diskusjon

Av dei 47 deltakarane i 2001/2002 gruppa har vi fått opplyst frå Innovasjon Norge at 16 deltakarar har gjennomført ei etablering, og at dette utgjer 12 verksemdar. Det er såleis nokre deltakarar som har samarbeida om å starte verksemd. Målsetnaden om at kvar gjennomføring av Alkymisten skal resultere i fem nye etableringar innan to år, er etter dette oppnådd⁵. Svara syner vidare at 42 prosent av dei som har starta verksemd ville gjort dette likevel, og 50 prosent meiner at Alkymisten berre er medverkande. Ein person ville ikkje ha starta utan Alkymisten. Rettleiarapparatet kommenterer at deltakarane klarar å starte opp raskare, og med ein betre plan, som følgje av Alkymisten. Vidare syner resultatata at verksemdene i hovudsak planlegg å sysselsette berre etableraren på heil- eller deltid.

Dei viktigaste interne effektane er såleis ein raskare og betre oppstart. Samt at deltakarane er blitt betre bedriftsetablerarar, og fått utvida nettverk. Det direkte resultatet av Alkymisten som virkemiddel for å utvikle nye arbeidsplassar og nyskaping må derimot sjåast i lys av at dei som har starta verksemd i stor grad oppgjev at dei ville gjort dette i alle høve. Vi veit då ikkje kor mange som vil starte verksemdar på eit seinare tidspunkt, og med andre idear.

Den eksterne nytten av Alkymisten gjennom at deltakarane står fram som kunnskapspreiarar og inspiratorar i eit lokalmiljø/vennekrins, ser ut til å vere viktig. 78 prosent av deltakarane har konkret nytta kunnskapen dei tileigna seg gjennom Alkymisten til å hjelpe eller inspirere andre. Vidare oppfattar 92 prosent at dei gjennom deltakinga har, eller kanskje har, gitt positive signal til sitt lokalmiljø.

Deltakarane er stort sett nøgde med det metodiske opplegget, men det tydar på at dei tidlegare treng meir informasjon om korleis dei skal jobbe og tenkje i gjennomføringa. Vidare er det stilt spørsmål om ressursbruken i siste samlinga er den mest effektive. Den faglege lærdomen dei oppnår er i grove trekk sett på som for liten. Dette er naturleg på eit så intensivt kurs mot fleire store fagfelt, og det er ikkje noko som tyder på at prioriteringane er feil. Vi minner derimot om at vi bare har svar frå éin av dei 18 deltakarane som har valt å avslutte prosjektet sitt.

Det er to typar deltakarar som er viktige i Alkymisten. Det er dei som klarar å etablere ei verksemd, og gjennom det skapar positive effektar i lokalmiljøet. Og det er dei som ikkje etablerar ei verksemd, men ved å vere typiske nøkkelpersonar eller pådrivarar i eit lokalmiljø likevel spreiar gode ringverknadar. Denne delinga er viktig med tanke på utveljing av deltakarane. Særskilt sidan så vidt mange har valt å avslutte prosjektet sitt, og dei som har starta i stor grad hevdar dei ville gjort dette uavhengig av deltakinga.

Denne todelinga skapar også ei utfordring i det metodiske opplegget. Den fyrste gruppa treng i større grad spesifikk oppfølging på fleire tema knytt til forretningsideen. Den andre gruppa opptre i praksis som utviklarar for lokalmiljøet, og bør difor i større grad få generell kunnskap og motivasjon. Å ivareta begge desse omsyna med dagens ordning kan vere vanskeleg. Ein målsetnad er at deltakinga skal skape fem verksemdar. Utover dette er målsetnadane meir retta mot å byggje opp kunnskap og engasjement både hjå deltakarane og hjå omkringliggande aktørar. Samstundes er fokuset sterkt retta mot å lage ein forretningsplan med tanke på ei etablering. I 2003 vart det prøvd å gjennomføre eit tenkt "case" på eine

⁵ Nokre av verksemdene held i dag ikkje til i Sogn og Fjordane. Det er ikkje undersøkt kor mange dette gjeld.

samlinga, og dette har fått gode tilbakemeldingar. Fokuset flyttar seg då vekk frå den enkelte sin idé. Men det vil kanskje vere ein betre metode til å skape eksterne effektar –som syner seg å vere noko av det viktigaste utkomet frå Alkymisten. Skal fokuset vere like sterkt retta mot ei konkret etablering i framtida, kan det spørjast om Alkymisten bør gjennomførast sjeldnare for å finne tilstrekkeleg mange gode kandidatar/forretningsidear. Eventuelt bør det vere ei deling av deltakarane mellom to ulike metodiske opplegg, eller ei særskilt oppfølging i etterkant mellom dei som etablerar seg og dei ikkje gjer det.

3.1. Ein diskusjon omkring ungdommar og idear

Studier syner at ungdomsmiljøa i Sogn og Fjordane har ei forholdsvis klar todeling⁶. Det er dei *lokale* og dei *globale*. Dei lokale har sterk tilknytning til sin heimstad, og velgjer tidleg at dei vil bli verande i sitt miljø. Dei gjer val som gjerne er retta mot praktiske yrker, og har sterke band til slekt og vener i bygdelaget. Dei globale er derimot i større grad innstilte på å flytte, og innrettar sine utdannings og arbeidsvegar deretter. Årsaka er mellom anna at typiske samfunnsstrukturar i bygdelaga blir av dei lokale oppfatta som trygge og positive, medan dei globale ser på desse som trykkjande og til hinder. Dei lokale og dei globale opptre ofte som separate grupper med avgrensa sosial omgang seg imellom. Etter avslutta vidaregåande utdanning er det eit typisk trekk at dei lokale er att, og dei globale reiser for å take høgare utdanning.

Innovasjon Norge sitt nye slagord er: ”Vi gir lokale ideer globale muligheter”. Dette kan tolkast på fleire måtar, men ein lokal ide er her valt forstått som ein ide med lokal forankring. Altså ikkje berre at ideen oppstår i eit lokalmiljø, men at den ikkje utan vidare kan flytte eller bli produsert ein annan stad. Eksempel på dette kan vere verksemder knytt til reiseliv, gardsbruk eller andre særtrekk med eit område sitt fysiske, kulturelle eller kunnskapsmessige grunnlag. Den globale ideen er derimot flyttbar. Den kan skapast nærast overalt, og har ein vid marknad. Eit typisk eksempel kan vere idear innan IT-tenester. Desse kan produserast mange stadar, og dei har sjeldan lokale særtrekk.

Det vil vere fleire grensetilfelle i denne inndelinga, men langt på veg ser ein altså at det er tale om både lokale og globale ungdommar, og lokale og globale idear. Vi ynskjer å drøfte litt omkring dette temaet, og gje nokre innspel som Alkymisten kanskje kan ta med i si vidare utvikling.

I fyrste avsnittet gjer vi i fotnote 5 merksam på at nokre av verksemdene som er skapte ligg utanfor Sogn og Fjordane i dag. Dersom verkemiddelet skal ha ei rolle som distriktsutviklande kraft vil det krevje at både dei interne effektane -gjennom at det blir skapte verksemder, og dei eksterne effektane -gjennom positive ringverknader, faktisk oppstår i lokalmiljøa. Det kan difor vere av interesse å sjå litt på ulike typar ungdommar og deira idear i dette perspektivet.

Ein kan starte med å sjå på ein global ungdom med ein global ide. Her er det altså tale om ein ungdom som kanskje har teke høgare utdanning, og vedkommande har gjerne budd i ein by ei tid. Kanskje var dette i utlandet, eller han/ho har reist mykje. Vidare er ideen av ei slik form at produksjonen ikkje er fysisk knytt til ein lokal stad. Dette er nyttige personar å få attende til eit distrikt, men resultatet kan bli at denne ungdommen etter ei tid vel å bu ein annan stad.

⁶ Sjå kapittel 8: *Dei todelte ungdomsmiljøa og vilkåra for mangesysleri og varig busetnad*, s. 43 i; Høyser, K. G., 2004. Distriktpolitik og Utvikling i Sogn og Fjordane To innleiingar, ti tesar og ein epilog om utvikling og framtid i eit distriktsfylke. (<http://www.sf-f.kommune.no/sff/wwwsfk2.nsf/pages/37626senf-5wjf2p>)

Verksemda flyttar då med, og den interne effekten forsvinn. Den eksterne effekten kan vidare bli forsterka negativt, då det kan oppfattast som at etableraren gjev opp å bu i lokalmiljøet, og tek med seg ideen ut.

Blir det satsa på ein global ungdom med ein lokal ide, altså i tydinga ein ide som er knytt til staden, er situasjonen noko meir stabil. Vidare kan den ynskja tilbakeflyttinga av utdanna ungdom lettare oppnåast. Det kan derimot vere vanskeleg å få desse ungdommane til å bli verande, då dei i mange tilfelle likevel har sitt fokus retta utover. Effektane kan også få same forsterka negative utfall som i førre tilfelle. Om dei likevel blir verande vil både dei interne og dei eksterne effektane vere gode.

Så er det den lokale ungdommen med den globale ideen. Denne kan vere vanskelig å oppnå då det kan krevje at det også står ein global person bak ein global idé, eller at personen går frå å vere lokal til å bli global som følgje av at ideen krev dette. Vedkommande vil difor over tid kunne kome i global/global (*ungdom/ide*) gruppa, som er vanskeleg å halde på i lokalmiljøet.

Neste gruppa er den lokale ungdommen med den lokale ideen. Denne vil i stor grad bli verande, og effektane vil bli stabile og gode.

Tabell 3.1 syner inndelinga mellom lokale og globale ungdommar med lokale og globale idear. Ein ser at den globale ungdommen med den globale ideen kan gi gode positive effektar, men er ustabil. Den lokale ungdommen med den lokale ideen er derimot stabil, men kan oppfattast som mindre visjonær.

Ide Ungdom	Global	Lokal
Global	<i>Denne kan bli veldig positiv, men vedkommande kan lett reise ut, og både dei eksterne og dei interne effektane forsvinn.</i>	<i>Denne kan òg bli positiv, men det er likeins her fare for at vedkommande reiser ut, og både dei interne og dei eksterne effektane forsvinn.</i>
Lokal	<i>Denne vil i større grad bli verande i lokalmiljøet. Det kan derimot vere vanskeleg å få ein lokal ungdom til å starte ein global ide, iallfall å få vedkommande til å halde fram som lokal. Om det derimot lykkast er effektane gode.</i>	<i>Denne kan oppfattast som mindre visjonær, men vil ha det mest stabile utgangspunktet. Den gir også gode interne og eksterne effektar.</i>

Oppsummert syner det seg altså at kombinasjonen global/global og lokal/lokal kan vere lettast å kople. Effektane vil i begge tilfelle bli gode, men kombinasjonen global/global er langt meir ustabil med tanke på at desse skal kome distriktet til gode. Dersom ei satsing på kombinasjonen global/global slår feil, kan dette også gje forsterka negative eksterne effektar. Kombinasjonen global/lokal er ynskjeleg med tanke på å få ungdom til å flytte attende. Den lokale forankringa til ideen vil gjere situasjonen meir stabil, men fokuset til ungdommen kan

likevel halde fram å vere globalt. Det er mange eksempel på at ungdom flytter attende til eit bygdelag, men reiser att etter kort tid. Så er det kombinasjonen lokal/global. Denne er vanskeleg å gjennomføre då ein skulle tru det ofte krevjast ein global person til ein global idé. Eller at ein lokal person vil flytte seg i ein global retning. Faren er difor at denne endar som global/global, og forsvinn. Kombinasjonen lokal/lokal syner seg difor å vere den sikraste for å oppnå gode og stabile effektar.

Knytt til Innovasjon Norge sin visjon om å gje lokale idear globale moglegheiter ser ein at med vår forståing av omgrepa er det ei deling mellom produksjon og sal. Ein lokal ide kan i enkelte tilfelle seljast på ein global marknad⁷, men er produksjonen global vil dette medføre at ideen i utgangspunktet også er global. Ein ser såleis at den lokale forankringa fyrst og fremt er knytt til produksjonen, då ein lokal ide ikkje treng å bli selt til lokale kundar. Turisme knytt til ein konkret stad vil vere eit slikt eksempel. Kunden er ikkje lokal, men ”produksjonen” kan ikkje flyttast. I utveljingskriteria til Innovasjon Norge uttalar dei at ideen skal ha ein marknad utover fylket/lokalmiljøet. Dersom dette blir lagt til grunn, og det samstundes er tale om idear kor produksjonen er global, så er det ein risikofylt måte å nytte eit distriktsretta verkemiddel på.

Støtteapparatet (ved prosjektleiar) opplyser at dei ser eit slikt skilje mellom den lokale og den globale deltakaren. Dette er ikkje naudsynt knytt til utdanning, men gjeld vel så mykje haldningar og måten deltakarane tenkjer på. Evna til å ta andre sine tankar er større hjå den globale, og gjev seg også utslag korleis oppgåvene blir løyste (deltakarane må sjølve sjå spørsmåla i oppgåvene). Vidare har den globale deltakaren betre evne til å forstå andre sine forretningsidear og ulike innfallsvinklar. Dei lokale har ein meir konkret måte å tenkje på, og ser på avgrensingar med meir realisme. Vidare oppfattar dei oppgåvene betre når desse er i eksempelform.

Samarbeidet mellom dei globale og dei lokale ungdommane ser dei på som verdifullt i Alkymisten. Dette er av di dei globale får dei vanskelege konkrete spørsmåla frå dei lokale, og ofte fungerer dette bra i situasjonar der dei renn over av kreativitet og lite realisme. Vidare får dei lokale nye impulsar i måten å sjå sine idear på.

Knytt til gjennomføringsprosessen er det såleis nyttige koplingar mellom ungdommane sine ulike ståadar og idear, og det er difor særskilt med tanke på effektane av verkemiddelet at dette kan skape nokre utfordringar.

⁷ Dette er ikkje forstått som ein verdsmarknad, men som ein marknad utanfor det lokale miljøet.